

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Vår ref.: 21/313-2/GG

Dykkar ref.:

Dato: 11.06.2021

Høyring om forslag frå Kulturdepartementet om endringar i kringkastingsforskrifta og i konsesjonsvilkår ved forlenging av lokalradiokonsesjonar på FM

Medietilsynet viser til Kulturdepartementets brev av 6. mai 2021 om høyring av forslag til endringar i kringkastingsforskrifta¹ og endra konsesjonsvilkår ved forlenging av konsesjonar for lokalradio på FM frå 2022 til 2026.

Medietilsynet er statens forvaltningsorgan på medieområdet. Det følger av samfunnsoppdraget for Medietilsynet at tilsynet skal medverke til å oppfylle dei overordna mediepolitiske måla om ytringsfridom og demokrati gjennom ein open og opplyst offentlig samtale, jf. Grunnlova § 100. Medietilsynet medverkar til å fremme dei mediepolitiske måla ved å legge til rette for mediemangfald og kritisk medieforståing i befolkninga. Ei av oppgåvene til Medietilsynet er å gi konsesjon for kringkasting og lokalkringkasting.

På oppdrag frå Kulturdepartementet utarbeidde Medietilsynet ein rapport med tilrådingar om FM-konsesjonar for lokalradio når gjeldande konsesjonar går ut ved utgangen av 2021. Rapporten «FM etter 2021» danna grunnlaget for ein plan som vart lagd fram for Stortinget. Forslaga i høyringsnotatet følger opp denne planen.

Medietilsynet stør forslaga frå departementet i høyringsnotatet.

Medietilsynet er einig i at konsesjonane for lokalradio blir forlenga til utgangen av 2026. På denne måten får lokalradioane betre tid til den digitale overgangen. I denne samanhengen meiner Medietilsynet det er riktig å endre reglane for analog lokalradio slik departementet legg opp til.

Departementet går inn for at forbod mot reklamesendingar, sponing og produktplassering for lokalradioane på FM i sløkkeområda. Dette skal komme i staden for eit øvre tak på reklame- og sponsorinntekter.

Ei rekke kommersielle radioar i sløkkeområda måtte i 2017 avslutte FM-sendingane sine i tråd med den riksdekkande sløkkeplanen. Det har heile tida vore ein føresetnad at dei radioane som har fått bli att i desse områda, skal ha eit ikkje-kommersielt driftsgrunnlag. Medietilsynet har erfart at enkelte lokalradioar i sløkkeområda i større grad har hatt kommersiell drift ved å omgå konsesjonsvilkåra som nå gjeld. Slik omgåing er det vanskeleg å avdekke, og det er, slik departementet peiker på, etter forholda svært ressurskrevjande for

¹ Forskrift 28. februar 1997 nr. 153 om kringkasting og audiovisuelle bestillingstjenester

Medietilsynet å handheve reglane. Medietilsynet stør derfor forslaget om enklare reglar som er føreseielege og langt lettare å føre tilsyn med.

Forslaget om reklameforbod kjem berre til å gjelde ein liten del av radiobransjen, godt under 30 konsesjonærar. Dei aller fleste av desse har nesten ikkje kommersielle inntekter. I resten av landet kan alle radioaktørane fritt ha kommersielle inntekter. Dette gjeld om lag 175 konsesjonar.

Dersom lokalradioane i sløkkeområda har ambisjonar om kommersielt driftsgrunnlag, kan dei fritt ha slike inntekter ved å gå over til digital distribusjon.

Medietilsynet administrerer tilskottsordninga for lokale lyd- og bildemedium. Etter denne ordninga er de nå mogleg for lokalradioar å søke om midlar til å digitalisere drifta, og etter forskrifta skal nisjeradioar som sender i sløkkeområda, prioriterast. Medietilsynet gav til saman 4,6 millionar kroner til 48 lokalradioar for å lage digitale sendingar, medan 23 prosjekt fekk 5,9 millionar kroner til å bygge ut sendarnett for lokalradio. I sløkkeområda fekk elleve nisjeradioar tilskott til å digitalisere drifta, til saman 670 000 kroner.

Kulturdepartementet går i høyringsnotatet inn for at konsesjonærar til digital lokalradio, til liks med konsesjonærar til analog lokalradio, skal ha plikt til å sende inn årsmelding til Medietilsynet. Dette er viktig for at Medietilsynet skal kunne gjere dei årlege rapportane om den økonomiske utviklinga i mediebransjen meir fullstendige.

Elles i denne høyringa tek departementet opp reglane for delegering av kompetanse frå Kulturdepartementet til Medietilsynet til å gi ulike typar konsesjonar til drift av riksdekkande radio og fjernsyn. Når heimlane blir samla i kringkastingsforskrifta, blir grunnlaget tydelegare. Medietilsynet stør derfor denne endringa.

Med helsing

Mari Velsand
direktør

Hanne Nistad Sekkelsten
direktør juridisk og regulatorisk avdeling

[Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift](#)